

VEDLEGG 1

AKSJESELSKAP – AS

01 - Sogn og Fjordane Energi AS (984 882 092)

Styreleiar: Olin Johanne **HENDEN**

Dagleg leiar: Knut Arild **FLATJORD**

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS


Kommunal representasjon i styret: Leidulf **GLOPPESTAD** (vararepresentant)

Gloppen sin eigardel: 3,45 %

FØREMÅL

Produksjon, omsetning og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette. Verksemda kan også drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre selskap med tilsvarende formål. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er eigna til å styrke hovudformålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar. Selskapet skal drivast på forretningsmessig basis med vekt på langsiktig verdiskaping for eigarane.

EIGARSTRUKTUR



ØKONOMI – KONSERN

	2024	2023	2022
Driftsinntekter (mill.)	2 488	3 630	1 644
Årsresultat (mill.)	520	182	-75
Samla utbyte (mill.)	254	125	0
Utbyte Gloppen kommune (mill.)	8,76	4,31	0,00

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Finansielt (ref. pkt. 1, kap. 1.5.2)
Politisk (ref. pkt. 2, kap. 1.5.2)
Regionalpolitisk posisjonering (ref. pkt. 5, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

SFE sitt hovudkontor er lokalisert i kommunen. Kommunen ønskjer gjennom den direkte eigarskapen i SFE, å signalisere at verksemda er særskild viktig for kommunen. For kommunen er det viktig at SFE kan halde fram som eit sjølvstendig regionalt kraftselskap, og at selskapet har naudsynt finansiell og teknologisk kapasitet til å ta på seg nye utbyggingar for å møte det grønne skiftet.

Gjennom SFE sitt dotterselskap Nyvinn AS har SFE tatt ansvaret for utviklinga av biogassprosjektet på Teita i Breim. Dette vil verte avgjerande for Gloppen sitt høve til å svare ut 2030-kravet om reduksjon av utsleppet av klimagassar.

Konklusjon:

Kommunen skal halde på noverande eigarposisjon i SFE.

02 - Sogn og Fjordane Holding AS (989 339 338)

Styreleiar: Arve **HELLE**

Dagleg leiar: Svein **ØVERLAND** (innleigd frå PwC)

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS

Kommunal representasjon i styret: Per Jarle **MYKLEBUST** (SP)

Gloppen sin eigardel: 3,91 % (B-aksjar)

FØREMÅL

Selskapet si verksemd er ved eit langsiktig og stabilt eigarskap å sikre at dei verdiar som ligg i eigarskapen til aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS – og sjølvve eigarskapen – kan bli verande i Sogn og Fjordane. Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane er å styrke Sogn og Fjordane Energi AS som eit viktig sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd kraftselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet har og som målsetnad å auke selskapet sitt eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS, mellom anna ved kjøp av aksjar og deltaking ved kapitalutviding i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet kan og gje ansvarleg lån o.a. til Sogn og Fjordane Energi AS for å styrke selskapet sin soliditet og posisjon som eit viktig sjølvstendig og regionalt kraftselskap.

EIGARSTRUKTUR



ANDRE FORHOLD

Aksjonæravtalen frå 2019 forpliktar dei noverande eigarane til å halde på aksjane til 2029.

Saman med kommunane Stad, Stryn, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal, Aurland og Vik har Gloppen negativt fleirtal av stemmene i generalforsamlinga. Desse kommunane har inngått ei eiga aksjonæravtale som skal sikre at eigarskapen i SFE framleis skal vere lokalt forankra i kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane fylke, og at kommunane som har signert aksjonæravtala, skal røyste samla på generalforsamlinga i spørsmål knytt til eigarskap, oppkjøp og fusjonar.

KOMMUNALE LÅN/GARANTJAR

Ingen

ØKONOMI

	2023	2022	2021
Driftsinntekter (mill.)	0,0	0,0	0,0
Årsresultat (mill.)	61,76	-0,42	36,44
Samla utbyte (mill.)	61,0	0,0	35,0
Utbyte Gloppen kommune (mill.)	2,4	0,0	1,4

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

- Finansielt (ref. pkt. 1, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)
- Politisk (ref. 2, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)
- Samfunnsøkonomisk (ref. pkt. 4, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)
- Regionalpolitisk (ref. pkt. 5, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)

Før etableringa av Vestland fylkeskommune i 2020 overførte dåverande Sogn og Fjordane fylkeskommune 80 % av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS til kommunane i dåverande Sogn og Fjordane. Aksjane vart fordelt etter folketalet i kommunane pr. 01.01.2019. 20 % av aksjane vart overført til Vestland fylkeskommune. Aksjane vart overført til dei nye eigarane vederlagsfritt.

Aksjane er fordelt i 2 aksjeklassar; A-aksjar (kontrollerer 51 % av stemmegjevinga i generalforsamling) og B-aksjar (kontrollerer 49 % av stemmegjevinga i generalforsamling). Det vart samstundes etablert ein 10-årig aksjonæravtale som bind dei noverande eigarane til å sitte på aksjane fram til 2029.

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Ved etableringa av selskapet i 2019 var føremålet å sikre at eigarskapen i SFE skulle haldast i regionen. Dette vart sikra gjennom ein 10-årig aksjonæravtale. Som eigar i SF Holding AS, har Gloppen kommune eit indirekte eigarskap i SFE. Kommunen har også direkte eigarskap i SFE, og har gjort eit strategisk val om å halde på denne eigarposten. Det er dermed naturleg å ha same strategi for den indirekte eigarskapen.

Konklusjon:

Kommunen blir verande som eigar i selskapet fram til aksjonæravtala går ut i 2029. Då vil det vere naturleg å gjere ei ny vurdering av eigarskapen.

03 - Gloppen Energi AS (993 039 330)

Styreleiar: Per Jarle **MYKLEBUST**

Dagleg leiar: John Morten **SELVVIK**

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS


Kommunal representasjon i styret: Styreleiar Per Jarle **MYKLEBUST** (SP)

Gloppen sin eigardel: 70 %

FØREMÅL

Produksjon, av elektrisk energi og tilhøyrande overføring og omsetning på forretningsmessig basis. Selskapet skal eige, drive og utvikle kraftanlegg i samband med dette.

EIGARSTRUKTUR



KOMMUNALE LÅN/GARANTIIAR

Ingen

ØKONOMI

	2023	2022	2021
Driftsinntekter (mill.)	23,7	23,1	21,8
Årsresultat (mill.)	2,59	2,49	5,43
Samla utbyte (mill.)	2,0	2,0	2,7
Utbyte Gloppen kommune (mill.)	1,4	1,4	1,9

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

- Finansielt (ref. pkt. 1, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)
- Politisk (ref. pkt. 2, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Kommunen skal freiste å optimalisere avkastninga (utbyttet) frå selskapet. Dette kan skje på andre måtar enn noverande eigarskap. Kommunen har tatt initiativ overfor den andre eigaren (SFE) om ei utgreiing av dette.

Konklusjon:

Kommunen startar ein prosess for å vurdere korleis eigarskapen i Gloppen Energi AS kan gje best mogleg avkastning for kommunen.

04 - Firda Billag AS (997 269 853)

Styreleiar: Håkon Martin **MYRVANG**

Dagleg leiar: Nils Aslak **HUUS**

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS


Kommunal representasjon i styret: Leidulf **GLOPPESTAD** (SP)

Gloppen sin eigardel: 10,17 %

FØREMÅL

Transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå. Selskapet kan i tillegg eige og forvalte fast eigedom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande verksemd.

EIGARSTRUKTUR



KOMMUNALE LÅN/GARANTIIAR

Ingen

ØKONOMI

	2023	2022	2021
Driftsinntekter (mill.)	26,3	26,3	27,0
Årsresultat (mill.)	5,10	1,45	3,85
Samla utbyte (mill.)	1,5	0,0	0,0
Utbyte Gloppen kommune (mill.)	0,15	0,00	0,00

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

- Politisk (ref. pkt. 2, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)
- Regionalpolitisk (ref. pkt. 5, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)
- Samfunnsansvar (ref. pkt. 6, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Ved etableringa av selskapet i 1920 var føremålet at kommunane skulle legge til rette for eit lokalt og regionalt transporttilbod for innbyggjarane. Fylkeskommunane har seinare overtatt ansvaret for transporttilbodet, og etter innføringa av offentlege transportanbod har aksjonærane i Firda Billag AS ikkje reelt høve til å påverke tilbodet.

Firda Billag AS eig fleire strategisk plasserte eigedomar i kommunesenter i det området selskapet opererer innanfor. Selskapet er i ferd med å utvikle desse eigedomane, og dette utgjer i hovudsak selskapsverdien for eigarane.

Firda Billag Buss AS (dotterselskap) har for ei tid tilbake vunne anbod for busstransport i området som femner om eigarkommunane. I samband med dette har selskapet investert eit betydeleg beløp i ny fossilfri busspark. Finansierande bank har sett som krav (covenant) at der ikkje skal betalast utbyte frå morselskapet. Der er knytt betydeleg risiko til Firda Billag Buss AS.

Fleire kommunar – mellom desse også Gloppen, har tidlegare signalisert at dei ønskjer å selje seg ut av Firda Billag AS. I generalforsamlinga i 2023 vart det semje om at det truleg vil vere økonomisk mest gunstig å selje seg ut samla, og at dette bør settast på vent i 2 år til selskapet har kome lenger i arbeidet med utviklinga av eigedomsporteføljen sin.

Konklusjon:

Kommunen ønskjer å selje seg ut av Firda Billag AS, men set dette på vent fram til 2026 for ny vurdering.

05 – Breimsbygda Skisenter AS (966 596 996)

Styreleiar: Nikolai Andreas Vedvik **SELE**

Dagleg leiar: Runar Stensaker **KLEPPE**

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS


Kommunal representasjon i styret: Per Jarle **MYKLEBUST** (SP)

Gloppen sin eigardel: 26,14 %

FØREMÅL

Eige, drive og vidareutvikle skitrekk på Utvikfjellet og elles verksemd som har naturleg samanheng med dette. Overskot ved drift skal gå til føremålet. Overskot ved eventuell likvidasjon skal gå til idrettsføremål.

EIGARSTRUKTUR



KOMMUNALE LÅN/GARANTIIAR

Kommunen stiller garanti til Sparebanken1 Sogn og Fjordane på lån til Breimsbygda Skisenter AS. Pr. 31.12.2024 er garantisaldoen kr. 1.632.740,-. Garantien vert trappa ned i takt med avdraga, og gjeld til 01.05.2037.

ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter	1 815	1 592	1 935	874
Årsresultat	33	-35	335	-200
Samla utbyte	0	0	0	0
Utbyte Gloppen kommune	0	0	0	0

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

– Samfunnsansvar (ref. pkt. 6, kap.1.5.2 i eigarskapsstrategien)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Gjennom den kommunale lånegarantien skal kommunen medverke til at Breimsbygda Skisenter AS framleis skal kunne tilby innbyggjarane i Gloppen alpinanlegg og langrennsløyper på Utvikfjellet. Lånegarantien går ut i 2037. På dette tidspunktet vil det vere naturleg å gjere ei vurdering knytt til kommunen sin eigarskap i verksemda.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som eigar i Breimsbygda Skisenter AS

06 - Movia Holding AS (928 354 547)

Styreleiar: Marit Elisabeth **LARSEN**

Dagleg leiar: Øyvind **HERVIK**

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS


Kommunal representasjon i styret: Marit Elisabeth **LARSEN** (SP), Arnfinn Jørgen **BREKKE** (KrF), Lisbeth **STENSAKER** (H)

Gloppen sin eigardel: 71,51 %

FØREMÅL

Eige aksjar i selskap: Som driv praktisk opplæring, produksjon, handel og anna tenesteytande arbeid ved bruk av arbeidskraft rekruttert blant personar som varig eller mellombels ikkje er i stand til å utføre arbeid i den ordinære arbeidsmarknaden, eller som har aktivitetstilbod til personar med særskilde behov. Selskapet kan og eige aksjar i selskap med liknande formål som beskrive, og dessutan selskap som eig og forvaltar eigedomar som har til hovudformål å dekke behovet for aktiviteten beskrive ovanfor. Selskapet skal ikkje ha erverv til formål. Selskapet skal ikkje dele ut utbytte, erverve eigne aksjar, gjennomføre kapitalnedsetjingar med utdeling til aksjeeigarane, eller på annan måte gjere utdelingar til aksjeeigarane, med unntak av det som framkjem i vedtektene.

EIGARSTRUKTUR



ANDRE FORHOLD

Verksemda har 3 dotterselskap; Movia Eigedom AS, Movia Utvikling AS og Movia Formidling AS. Alle er eigd 100 % av morselskapet.

KOMMUNALE LÅN/GARANTJAR

Kommunen har stilt garanti til Kommunalbanken på lån til dotterselskapet Movia Eigedom AS. Pr. 31.12.2024 var garantisaldoen kr. 315.800,-. Garantien vart trappa ned i takt med avdraga, og hadde utløpsdato 19.05.2025.

ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter		0	0	0
Årsresultat		-10	286	-14
Samla utbyte	0	0	0	0
Utbyte Gloppen kommune	0	0	0	0

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

– Samfunnsansvar (ref. pkt. 6, kap.1.5.2 i eigarskapsstrategien)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Medverke til at kommunen har eit arbeidsmarknadstilbod for menneske som av ulike årsaker – permanent eller mellombels, står utanfor den ordinære arbeidsmarknaden.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som eigar i Movia Holding AS

07 - Nordfjordbrua AS (992 271 973)

Styreleiar: Siri **SANDVIK**

Dagleg leiar:

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS


Kommunal representasjon i styret: Marit Elisabeth **LARSEN** (SP), Svein Ottar **SANDAL** (KRF)

Gloppen sin eigardel: 37,61 %

FØREMÅL

Regional utvikling og vekst i Nordfjord, og det som naturleg høyrer inn under dette. Selskapet kan og engasjere seg i tiltak som medverkar til regional utvikling og vekst i regionen. Primæroppgåva til selskapet er å arbeide for ferjefri kryssing av Nordfjorden mellom Anda Lote.

EIGARSTRUKTUR



KOMMUNALE LÅN/GARANTAR

Ingen.

ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter		300	380	300
Årsresultat		-254	-156	116
Samla utbyte		0	0	0
Utbyte Gloppen kommune		0	0	0

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

- Samfunnsøkonomisk (ref. pkt. 4, kap.1.5.2 i eigarskapsstrategien)
- Regionalpolitisk posisjonering (ref. pkt. 5, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Gloppen kommune skal halde fram som eigar. Vidare arbeid med ei eventuell fjordkryssing Lote-Anda, vil framover i hovudsak vere av politisk karakter. Dette kan påverke vurderinga av om det er teneleg å framleis ha eit aksjeselskap som skal arbeide for realiseringa av prosjektet.

Konklusjon:

Gloppen kommune skal framleis vere eigar i Nordfjordbrua AS.

Styreleiar: Geir **ÅRVIK**

Dagleg leiar: Benedicte Willand **ELSRUD**


Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS

Kommunal representasjon i styret:

FØREMÅL

Utføre felles marknadsaktivitetar, stimulere til produktutvikling og løyse andre fellesoppgåver for reiselivsnæringa i dei deltakande kommunane. Selskapet kan elles delta i forretningsmessig verksemd relatert til reiseliv.

EIGARSTRUKTUR



KOMMUNALE LÅN/GARANTIER

Ingen. Kommunen yter eit årleg driftstilskot på kr. 284 688,-.

ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter		6 519	6 667	7 068
Årsresultat		-1 102	-674	291
Samla utbyte		0	0	0
Utbyte Gloppen kommune		0	0	0

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

– Samfunnsansvar (ref. pkt. 6, kap.1.5.2 i eigarskapsstrategien)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Gloppen kommune skal halde fram som eigar. Eigarkommunane bidreg med årleg driftstilskot til Visit Nordfjord AS. I 2025 utgjør dette kr. 284 688,-. Utover dette bør selskapet finansiere all eigen aktivitet/prosjekt. Selskapet har over tid hatt svak økonomi, og styret arbeider med plan for omstilling. Det ligg m.a. i styret sin plan for berekraftig økonomi, at Visit Nordfjord AS skal motta 20 % av cruisetillegg når/om dette vert innført. Eiga sak om Visit Nordfjord AS vert lagt fram for kommunestyret hausten 2025. Kommunane skal arbeide for at næringsaktørane på eigarsida i Visit Nordfjord AS tek sin rettmessige (ut frå aksjepost) del av finansieringa av selskapet.

Konklusjon:

Gloppen kommune skal framleis vere eigar i Visit Nordfjord AS.

Styreleiar: Olav **KLUNGRE**

Dagleg leiar:

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS

Kommunal representasjon i styret: Olav **KLUNGRE** (KRF), Julie Kristin **LOTHE** (SP)

Gloppen sin eigardel: 37,61 %


FØREMÅL

Arbeide for utbygging og standardheving av fylkesveg 615 i Sogn og Fjordane fylke.

Selskapet kan samarbeide med andre vegselskap for å delta i ein større samferdslepakke.

Selskapet sitt overskot/underskot skal disponerast etter aksjelov og vedtekter. Det skal ikkje betalast utbytte til aksjonærane. Aksjane kan omsetjast fritt.

EIGARSTRUKTUR



KOMMUNALE LÅN/GARANTIIAR

Ingen. Kommunen yter eit årleg driftstilskot til selskapet på kr. 20 000,-.

ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter	50	50	0	0
Årsresultat	2	22	-5	-39
Samla utbyte	0	0	0	0
Utbyte Gloppen kommune	0	0	0	0

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

- Regionalpolitisk posisjonering (ref. pkt. 5, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Betre vegstandard på Fv. 615 er viktig for Gloppen kommune. Kommunen skal medverke til at vegeigar held fram med strekningsvise utbetringar av strekninga Hyen-Storebru, samt skredsikring av Hopsstranda.

Konklusjon:

Gloppen kommune skal framleis vere eigar i Midtvegen 615 AS.

Styreleiar: Jørgen **VEIEN**

Dagleg leiar:

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS


Kommunal representasjon i styret: Jan Ove **RYGG** (H)

Gloppen sin eigardel: 34,00 %

FØREMÅL

Lokal næringsutvikling og andre tjenester som naturleg hører til dette, herunder å delta i andre selskap med lignende virksomhet, og kjøp og salg av aksjer eller på annen måte gjøre seg interessert i andre foretak. Selskapet kan også drive med kjøp/drift av fast eiendom.

EIGARSTRUKTUR



KOMMUNALE LÅN/GARANTIIAR

Ingen.

ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter		0	0	0
Årsresultat		-197	-21	-67
Samla utbyte		0	0	0
Utbyte Gloppen kommune		0	0	0

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

- Politisk (ref. pkt. 2, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)
- Samfunnsøkonomisk (ref. pkt. 4, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Byrkjelo Næringspark AS utviklar næringsområdet på Teita der ein m.a. ser for seg etablering av eit større produksjonsanlegg for biogass. Realisering av biogassproduksjon er avgjerande for at Gloppen kommune skal nå utsleppsmåla for klimagassar innan 2030.

Aksjonæranne i selskapet er bedne om å tilføre selskapet ytterlegare kr. 575 800,- for å kunne slutføre arbeidet med reguleringsplanen for området. Kommunestyret i Gloppen får lagt fram eiga sak om dette hausten 2025.

Kommunen skal delta på eigarsida inntil ein har realisert næringsområdet (heilt eller delvis). Kommunen skal på dette tidspunktet gjere ei vurdering av vidare eigarskap i selskapet.

Konklusjon:

Gloppen kommune skal framleis vere eigar i Byrkjelo Næringspark AS.

Styreleiar: Marit Elisabeth **LARSEN**

Dagleg leiar:

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS


Kommunal representasjon i styret: Marit Elisabeth **LARSEN** (SP), Runar S. **KLEPPE** (H)

Gloppen sin eigardel: 14,29 %

FØREMÅL

Å legge til rette for utvikling av næringar, verksemder og arbeidsplassar i samband med etableringa av biogassanlegg på Byrkjelo. Selskapet skal bidra til knoppskyting, kompetanseheving og industriell symbiose knytt til energi- og avfallsstraumar på tvers av kommunegrensene i regionen.

EIGARSTRUKTUR



KOMMUNALE LÅN/GARANTIER

Ingen. Kommunen har ved oppstart ytt eit driftstilskot på kr. 489 000,-. Dette beløpet er finansiert av unytta midlar på kommunalt næringsfond, og medverkar til at Biohub Fjordane AS får maksimalt driftstilskot frå Vestland fylkeskommune.

ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter				
Årsresultat				
Samla utbyte				
Utbyte Gloppen kommune				

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

- Politisk (ref. pkt. 2, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)
- Regionalpolitisk posisjonering (ref. pkt. 5, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Biohub Fjordane AS vart etablert i 2025. Kommunen sin eigarskap i selskapet er knytt til same føremål som for kommunen sitt eigarskap i Byrkjelo Næringspark AS; utvikling av næringsområde på Teita, etablering av biogassanlegg og legge til rette for knoppskyting rundt biogassanlegget.

Gloppen kommune skal vere eigar i Biohub Fjordane AS fram til biogassproduksjon har kome i gang på Teita. På dette tidspunktet skal kommunen vurdere vidare eigarskap i selskapet.

Konklusjon:

Gloppen kommune skal framleis vere eigar i Biohub Fjordane AS.

Styreleiar: Oddbjørn **FØLSVIK**

Dagleg leiar:

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS


Kommunal representasjon i styret:

Gloppen sin eigardel: 5,15 %

FØREMÅL

Å arbeide for å realisere planane om å: a) Erstatte ferjesambandet Volda-Folkestad med brusamband over Voldsfjorden. b) Erstatte ferjesambandet Volda-Lauvstad med brusamband over Dalsfjorden. Selskapet skal vere pådrivar for etablering av tunnelsamband mellom vestsida av Dalsfjorden og Vanylven.

EIGARSTRUKTUR



KOMMUNALE LÅN/GARANTJAR

Ingen.

ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter		346	0	341
Årsresultat		0	-291	0
Samla utbyte		0	0	0
Utbyte Gloppen kommune		0	0	0

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

- Samfunnsøkonomisk (ref. pkt. 4, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)
- Regionalpolitisk posisjonering (ref. pkt. 5, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Kommunen er passiv eigar i selskapet.

Konklusjon:

Gloppen kommune skal avvikle eigarskapen sin i Voldsfjordkryssing AS.

Styreleiar: Toril **STEINSVIK**

Dagleg leiar: Marianne Røtnes **KRAMER**

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS

Kommunal representasjon i styret:

Gloppen sin eigardel: 3,44 %

FØREMÅL

Samarbeidsorganisasjon for eierne. Selskapet skal fremme samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføre og tilrettelegge for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsvirksomhet. Selskapet skal utføre og formidle tjenester, knyttet til vann- og avløpsvirksomhet, som for eksempel bistand til drift, kvalitetssikring, vannmiljø og beredskap. Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler med eller delta i andre foretak i den grad dette er formålstjenlig. Selskapets virksomhet skal ikke gå lengre enn til å fremme og underbygge eiernes vann- og avløpsinteresser.

EIGARSTRUKTUR

Vann Vest AS er eigd av 29 kommunar i Vestland. Alle deltakande kommunar har lik eigardel; 3,44 %.

KOMMUNALE LÅN/GARANTJAR

Ingen.

ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter	13 927	15 219	13 430	10 692
Årsresultat	-762	882	623	378
Samla utbyte	0	0	0	0
Utbyte Gloppen kommune	0	0	0	0

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

- Effektivisering av tenesteproduksjon (ref. pkt. 3, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Gloppen kommune driftar 2-trinns reinseanlegg for avløp på Byrkjelo. Dette stiller krav om avtale med akkreditert instans for prøvetaking. Vann Vest AS fyller denne rolla for kommunen.

Konklusjon:

Gloppen kommune skal framleis vere eigar i Vann Vest AS.

Styreleiar: Bjarte **HEGGHEIM**

Dagleg leiar:

Organisasjonsform: Aksjeselskap – AS


Kommunal representasjon i styret:

Gloppen sin eigardel: 0,9 %

FØREMÅL

Å tilrettelegge, utvikle og vedlikehalde turløypenett i Øvredalen, Eggenipa området og i nærliggande områder med tanke på utvikling av god folkehelse. Dette skal m.a. gjennomførast ved opparbeiding av turløyper til Eggenipa med etablering av plattformer og trapper, naturmøteplassar og sti nettverk med kvile- og møteplassar, samt rydding og skilting, der deler av prosjektet skal tilpassast rørslehemma.

EIGARSTRUKTUR



KOMMUNALE LÅN/GARANTJAR

Ingen.

ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter	134	76	82	151
Årsresultat	15	-7	-9	6
Samla utbyte	0	0	0	0
Utbyte Gloppen kommune	0	0	0	0

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

– Politisk motivert (ref. pkt. 2, kap. 1.5.2 i eigarskapsstrategien)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Politisk motivert ut frå samfunnsansvar. Eggenibberåsa AS arbeider for utviklinga av stiar og infrastruktur i området Eggenipa. Dette kan medverke både til betre folkehelse og auka inntening til reiselivsaktørar i Gloppen. Eggenibberåsa AS har særskilt fokus på å legge til rette for rørslehemma.

Konklusjon:

Gloppen kommune vidarefører eigarskapen sin i Eggenibberåsa AS.